




HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juli-august 2013.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 49



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Karin S Holstad
Visepres:	Øystein Alme
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Jarle Kristiansen
Styremedlem:	Bernhard Harkjerr
Styremedlem:	Eileen H. Brandal
Ansv.red.:	Oddvar Haugen
Referent:	Juli. Ingard Bigset Aug. Aage nytun

Fødselsdagar i juli og august:

Dagfinn Paus	6. juli
Jarle Kristiansen	9. juli
Otto Holstad	13. juli
Karin S. Holstad	28. juli
Magnar Hatlø	30. juli
Arne G. Aschehoug	5. august
Einar Holm	12. august
Odd Holstad	13. august
Rakel Dyrhaug	29. august

Den ansame.

Han har ikkje stund til å stogge
og ikkje tid til å sjå.
Menneske som han møter,
dei ansar han aldri på.

Mangt har han rekke over.
Det gjeld um å fara fort.
Mykje var det å gjera.
Det auka dess meir han fekk gjort.

Så lid det til endes med dagen.
Han står der, studd over stav
og spør: Kva har livet gjeve
og kvar er det vorte av?

Slik jaga han gjennom livet
utan å få det fatt.
Ei glede sprang etter på vegen
men nådde han aldri att.

*Jan-Magnus Bruheim
fra "Mennesket og tida"*

Juli og august er ferietid, og møta er prega av det. Det var difor programfrie møte i juli.

Møte 5. august.

Møtet vart opna av presidenten, og til opningssong song vi ”Mellom bakkar og berg” av Ivar Aasen. Presidenten las deretter opp namna på dei som hadde fødselsdag i august, og det var fylgjande: Dagfinn Paus, Jarle Kristiansen, Otto Holstad, Karin Holstad og Magnar Hatlø.

Presidenten orienterte så om det som skal skje utover hausten, i første rekke om sommarcampen som skal vere no i august. Hovudansvaret i vårt område er det Herøy som får, men både vi og Ulstein vil bli engasjerte ein del. For oss er det den 17. og 21. august vi skal stille opp. Den 17. med bl.a. hanggliding og klatrevegg m.m. og den 21. heile dagen, først på Jets og deretter på Ishavsmuseet og Kvitneset med omvisning og guiding.

Dagens program var var ved Otto Holstad og Idar Flø, som fortalte historier og skrøner, for det meste knytt til området vårt. Ei trivelig ykt der latteren sat laust.

Møte 12. august.

Denne dagen var det dugnad på Rotaystien. Det var hyra inn 4 ATW-ar, og i tillegg stilte Arne G. med traktor ved osen av Grimstadvatnet, og Jan Håvard Nytun hadde fått låne traktor med Hareid Elektriske og stilte i Kaldholen, slik at dei raskt kunne laste ATW-ane. Og mellom desse to punkta var det så to store grupper med rotaryanarar som jamna utover med grafse og jarnrive. Sjølv om det var dårlig ver, blautt, vått og regn, så fekk vi gjort mykje, takka vere god organisering og mange som stilte opp.

Og etter at dugnaden var avslutta, fekk vi servert kaffi, sjokoladekake og svele, som smakte fortreffeleg, og som vart fortært inne i teltet som mannen til Eilen H.Brandal hadde sett opp. Kaffi, svele og sjokoladekaker var det Vigdis Riise, Ågot R. og Eilen H.Brandal som stod for. Ein vellukka dugnad sjølv om veret ikkje spelte på lag.





Møte 19. august.

Denne dagen var det Intercity-møte på Mjølstadneset i Herøy, arrangert av Herøy Rotary Klubb, og med deltakarar frå Herøy, Ulstein og Hareid. Dei meldlemane som ikkje ynskte å vere med på Intercity-møte, vart att på klubbhuset for kaffi og prat rundt borda. Presidenten i Herøy Rotary Klubb, Hilde Marie Brungot, ynskte alle velkomne til møtet, og til opning song vi "Home on the Range".

Bakgrunn og tema for Intercity-møtet var å møte og få høyre på deltakarane som var med på sommarleiren for unge studentar som vi arrangerte i området vårt.

Presidenten i Herøy Rotary Klubb leia samkomet og orienterte om opplegget kring sommarleiren og kva dei skulle vere med på i Herøy. Deretter fekk presidenten i Hareid R.K. og past president i Ulstein R.K. ordet og orienterte om deira program når studentane kom til dei.

Det var ti ungdomar frå Europa og ein frå Taiwan som deltok på sommarleiren,. Kvar av dei fekk presentere seg og det landet dei kom frå.

Ein av deltakarane, Matteo Giambiasi frå Italia, var ein dyktig musikar, han spelte piano og sang, m.a. ein melodi han sjølv hadde laga.

Til slutt var det kaffi og kaker, og vi fekk høve til å snakke meir med ungdomane og rotaryanarar som vi ikkje treff så ofte.



Møte 26. august.

Programfritt møte der komiteane fekk høve til å arbeide med syftemåla sine.